

**DALHEIM , GNR. 86 BNR. 27, STRYN KOMMUNE**

**FORSLAG OM FREDNING MED HJEMMEL I LOV OM KULTURMINNER  
§ 15 OG § 19, JF § 22 - HØRING.**



I medhald av lov om kulturminner av 9. juni 1978 nr. 50 § 15 (§19), jf. § 22 føreslår Vestland fylkeskommune å frede Dalheim, gnr/bnr 86/27, i Stryn kommune.

**Omfangen av fredinga**


Fredinga etter § 15 omfattar fylgjande bygningar og objekt:

- Villaen
- Bungalowen
- Studio
- Mausoleet
- Drengestova/tenarbustad
- Kafeen med eldhus
- Stabburet
- Driftsbygningen
- Vedhuset
- Fyljande element i hagen: bakkemurar, trær, jordkjellar, stiar.

Fredinga omfattar bygningane sitt eksteriør og interiør og inkluderer hovudelement som planløysing, materialbruk og overflatebehandling og detaljer som vinduer, dører, gerikter, listverk, eldstadar og fast inventar. Unntatt frå interiør fredinga er fyljande rom på loftet på villaen: rom 2.6, 2.7, 2.8, 2.9, 2.11, 2.12 og 2.13, (nummereringa er jamfør planteikning s. 34 i dokumentasjonsvedlegget).

Fredinga omfattar også laust inventar spesifisert på vedlagte liste.

Fredinga etter § 19 omfattar området merka med oransje på kartet nedanfor.



Figur 1. Kartutsitt er henta frå Fylkesatlas, omfanget av forslag om freding i medhald av kml § 19 fyl eigedomsgrensene til gb.nr. 86/27 i Stryn kommune.

### **Formålet med fredinga**

Formålet med fredinga er å bevare Dalheim, som eit bygningshistorisk, arkitekturhistorisk og kulturhistorisk viktig eksempel på:

- Anlegg som kjelde til kunnskap om ulike sider ved samfunnet i første halvdel av 1900-talet og korleis ekteparet Singer kunne påverke etableringa av ny infrastruktur og nye kunstinstitusjonar Noreg, Nederland og USA.
- Dalheim som eit døme på overklassen sine bygningar i første halvdel av 1900-talet, der bygningsmassen syner ein kombinasjon av norsk og amerikansk arkitektur og byggeskikk.
- Dalheim som eit døme på heimen til kunst- og antikvitetssamlarar i første halvdel av 1900-talet.
- Bustaden og arbeidsstaden til kunstmålaren William H. Singer jr.
- Anlegget som kjelde til kunnskap om arbeids- og butilhøva til dei tilsette ved ein overklasse heim i første halvdel av 1900-talet.
- Bustaden til ekteparet Singer knytt til det store samfunnsengasjementet deira, som hadde stor betydning både lokalt og regionalt. Til dømes gjennom bygginga av vegen mellom Olden og Innvik, og bygginga av Nordfjord sjukehus.

Det er vidare vesentlig å ta vare på kulturhistorisk verdifulle uttrykk for bygningane si utvikling i den tida ekteparet Singer budde på Dalheim.

Fredinga skal sikre enkeltbygningane, bygningane sin innbyrdes samanheng, samt kulturhistoriske verdiar knytt til anlegget som heilskap.

Fredinga av bygningane sitt eksteriør skal sikre bygningane sitt arkitektoniske uttrykk. Både hovudstrukturen i arkitekturen og detaljeringa, som fasadeløysing, opphavlege/eldre vindauge og dører, materialbruk og overflater, skal bevarast.

Formålet er vidare å bevare rominndeling, bygningsdelar og overflater i dei delane av interiøret som er kulturhistorisk interessant. Fast og spesifisert laust inventar skal bevarast som ein integrert del av interiøret og som eksempel på drifta av anlegget, William Singer sin arbeidsstad, ekteparet Singer sin levemåte og deira virke som kunstsamlarar.

Fredinga av dei bevarte strukturane i hageanlegget skal sikre anlegget som et viktig eksempel på overklassens hagar på første halvdel av 1900-talet, og hagen som ramme kring bygningane i anlegget.

Formålet med fredinga av området rundt bygningane er å sikre verknaden i miljøet gjennom å oppretthalde anlegget sin karakter av bustad med gardsdrift slik det framstår med bakkemurar, stiar, trær, blomar og jordbruksareal.

### **Fredingsføresegner**

Fredingsføreseggnene er utforma i samsvar med fredinga sitt formål og gjeld i tillegg til kulturminnelovens føreseigner om vedtaksfreda kulturminner frå nyare tid.

1. Det er ikkje lov å skade, rive eller flytte bygningane eller deler av dei.
2. Det er ikkje lov å bygge om bygningane sitt eksteriør eller interiør.
3. Utskifting av bygningselement eller material, forandring av overflater eller anna arbeid ut over vanlig vedlikehald på bygningane sitt eksteriør, interiør eller konstruksjon, er ikkje lov. Eventuelle tilbakeføringar tilbakeføringar, jf. punkt 5. er unntake dette.
4. Alt vedlikehald og all istandsetting skal skje med tradisjonelle material og metodar i tråd med bygningane sin eigenart og på ein måte som ikkje reduserer dei arkitektoniske og kulturhistoriske verdiane.
5. Tilbakeføringar til opphavleg eller tidlegare utsjånad og/eller konstruksjonar kan det gjevast løyve til i særlege tilfelle under føresetnad av at tiltaket kan gjerast på eit sikkert, dokumentert grunnlag og etter dispensasjon frå forvaltningsmynda.
6. Laust inventar som inngår i fredinga skal ikkje fjernes frå bygningane.
7. Fjerning av trær, busker og opphavlege installasjonar eller andre tiltak som vil kunne endre hageanleggets karakter i vesentlig grad, er ikkje tillate. Unntak frå dette er tilbakeføring til opphavleg eller tidlegare utsjånad jf. pkt. 5.

### **Områdefreding § 19:**

8. Innanfor det freda området må det ikkje setjast i verk tiltak eller bruksendringar som kan forandre området sin karakter eller på annen måte motverke formålet med fredinga. Dette gjeld alle former for bygnadar, anlegg og utviding av veg eller parkeringsplass, oppsetting av gjerder, skilt, endring av planter eller belegg, planering, utfylling og andre landskapsinngrep.
9. Det kan utarbeidast ein forvalningsplan for drift av eigedommen.

### **Følger av fredinga**

I medhald av kulturminneloven § 15a og § 19 tredje ledd kan departementet i særlege tilfelle gje dispensasjon frå fredinga og fredingsføreseggnene for tiltak som ikkje medfører vesentlige inngrep i det freda kulturminnet eller området. Dispensasjonsmynda er delegert til fylkeskommunen med Riksantikvaren som klageinstans.

Når det gjelder handsaminga av freda hus, anlegg og områder, viser vi til kulturminneloven §§ 15a - 18 (og 21), samt fredingsføreseggnene nemnd ovanfor.

Fredinga medfører at det må søkast om løyve/dispensasjon til å sette i gang alle typar tiltak som går ut over vanlig vedlikehald, jf. kulturminneloven § 15a og § 19 tredje ledd. Søknad om løyve skal sendes fylkeskommunen som avgjer om tiltaket kan setjast i verk, evt. på kva vilkår. Oppstår det tvil om kva som vert sett på som vanlig vedlikehald, skal fylkeskommunen kontaktast. For meir informasjon om vedlikehald og forvaltning av freda bygningar og anlegg, viser vi til Riksantikvarens informasjonsblader. Se særlig nr. 11.1.1. Juridiske forhold - Å eige

*eit freda hus, [https://ra.brage.unit.no/ra-xmlui/bitstream/handle/11250/175273/Infoark\\_1111\\_nynorsk.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://ra.brage.unit.no/ra-xmlui/bitstream/handle/11250/175273/Infoark_1111_nynorsk.pdf?sequence=1&isAllowed=y)*

Det grunnleggande prinsippet for vedlikehald av freda bygningar er å bevare mest mulig av dei opphavlege eller eldre bygningselementa og detaljer som kledning, vinduer, dører, listverk, gerikter og overflatebehandling. Vedlikehald av freda bygningar og anlegg skal så langt som mulig skje i samsvar med opphavleg utføring, teknikk og materialbruk og i samsvar med fredingsføreseggnene.

Det er eigar som har ansvar for det løpende vedlikehaldet av freda bygningar og anlegg. Det er anledning til å søke fylkeskommunen om tilskot til vedlikehald og istandsettingsarbeider. Dersom krav i medhald av kulturminneloven § 15a verkar fordyrande på arbeidet, skal det gjevast heilt eller delvis vederlag for utgiftsøkinga.

### **Lokalisering og eigedomsforhold**

Eigar: Stiftelsen William H. Singer Jr's og Anna Brugh Singers minde.

### **Regulerings status**

Eigedomen er regulert til spesialområde PBL § 25,1. ledd nr 6, i Reguleringsplan for Singerheimen i Olden, Olden, vedtatt av Stryn kommune i 2006.

### **Kort karakteristikk av kulturminnet**

Det amerikanske ekteparet Anna Brugh Singer og William H. Singer jr. kom til Olden i 1913. William Singer var kunstmålar og i Olden fann han det landskapet han hadde leita etter til motiv for sine bilete. Ei fylje av dette var at dei vart verande i Olden resten av livet der dei etter kvart bygde opp eigedomen Dalheim. Første byggetrinn var atelierbygningen Studio som vart reist i 1914. Deretter vart villaen reist i 1921, fleire bygningar i anlegget vart reist på ulike tidspunkt fram til slutten av 1940-tallet. Firmaet Schak Bull & Søn vart engasjert til å teikne villaen og truleg fleire av dei andre bygningane i første byggetrinn. Teikningane er signert arkitekt Jens Bull. Anlegget på Dalheim utvikla seg over fleire år, på bakgrunn av ekteparet Singer sine skiftande behov.

I tillegg til Studio (1914) og villaen består eigedomen av tenarbustad/drengestove, stabbur, kafeen med eldhus og utedo til tenarskapet, jordkjellar, driftsbygning (1932), vedhus, bungalow (1937), mausoleum (ca. 1947). Tidlegare høyrdé og ein paktarbustad til anlegget men den har blitt skild ut frå Dalheim og inngår ikkje i forslag om freding.

Anlegget som er føreslått freda består av ni ulike bygningar: Studio (1914), mausoleet (ca. 1947), villaen, kaféen/eldhus, drengestove, stabbur, driftsbygning (1932), vedhus og Bungalowen (1937). I tillegg er det ein stor hage med ulike bakkemurar og stiar bevart og ein jordkjellar bygd inn i bakkemuren nedanfor kjøkkeninngangen til villaen.

Anlegget er bygd som bustad for ekteparet Singer, og arbeidsstad for William H. Singer jr. I tillegg skulle anlegget romme den store samlinga med kunst og antikvitetar som dei bygde opp gjennom eit langt liv. Utforminga av anlegget viser korleis det vart tilpassa ekteparet Singer sin livsstil som krevde ei rekke tilsette for å oppretthalde levemåten deira og drifta av Dalheim.

Bygningane sin arkitektur er ein kombinasjon av fleire element og stilars. Det er sterkt prega av Arts & Crafts bevegelsen sitt tankesett slik det har blitt uttrykt i arkitekturen i Noreg og USA. I tillegg kjem sveitserstilen til syne i utforminga av Studio og vedhuset.

Bygningane i anlegget er særskilt godt bevart frå den tida ekteparet Singer budde her. Det er gjort få og små endringar i bygningane sitt eksteriør og anlegget framstår i dag i stor grad slik det var då fru Singer døydde i 1962. Interiøret i bygningane er lite endra og sjølv om mykje av dei lause gjenstandane vart flytta til Vestlandske Kunstmuseum etter fru Singers død, er det framleis nok gjenstandar bevart til at vi får eit inntrykk av korleis ekteparet Singer levde. Vidare er bustad og arbeidsplassane til dei tilsette godt bevart, både bygningar, interiør og møblar, noko som er ei god kjelde til kunnskap om rammene for busetnad og arbeid for dei tilsette ved Dalheim.

Ekteparet Singer bygde fleire bustadar, hytter og kunstinstitusjonar i Noreg, Nederland og USA. I Nederland bygde dei to bustadar, først De Wilde Zwanen i Laren i 1911, og seinare villaen Nederhem i Blaricum i 1937. De Wilde Zwanen vart av fru Singer gjort om til ein permanent visningsstad for William H. Singer jr. sin kunst i 1956, samstundes som det og vert synt verk av andre kunstnarar. I tillegg vart det vart bygd ein teater/konsertsal her. I USA bygde dei Washington Museum of Fine Arts i fru Singer sin heimby Hagerstown. I Noreg bygde dei Nordfjord sjukehus og dei forskoterte bygginga av vegen Olden-Innvik. I tillegg var dei ein stor arbeidsgjever og bidrog med ulike gåver til lokalsamfunnet.

*Sjå vedlagt dokumentasjon for nærmere skildring av kulturminnet.*

**Fylkeskommunens vurdering av kulturminnet - grunngjeving for forslag om fredning**  
Dalheim er særskilt godt bevart frå den tida då ekteparet Singer budde her og er ei god kjelde til kunnskap om dei ulike sidene ved samfunnet på første halvdel av 1900-talet.

#### *Historisk kjeldeverdi*

Den bevarte heilskapen i anlegget sin struktur, bygningar og interiør gjev oss god kunnskap om levemåten til ekteparet Singer, og om livs- og arbeidsvilkåra til dei tilsette på Dalheim. Det fortel kva rammer som var nødvendige for ekteparet Singer og kva ressursar dei hadde tilgjengeleg for å oppretthalde den ynskte levestandarden. Anna og William Singer bygde til saman tre bustadar. Villaen De Wilde Zwanen i Laren er i dag ombygd til kunstsenteret SingerLaren, og villaen Nederhem i Blaricum er bygd om til leiligheter. Dette gjer at det er kun på Dalheim at anlegget er bevart som bustad og kan gje oss kunnskap om levemåten til ekteparet Singer. På Dalheim er det bevart mykje av møblane deira, både møbler som vart frakta hit frå villaen i Nederland og møbler som er kjøpt inn spesielt til Dalheim.

Anlegget på Dalheim har ei høg grad av autentisitet i bygningane sitt eksteriør og interiør, samt hagen. Samstundes som mykje av møblementet og gjenstandar knytt både til ekteparet Singer og dei tilsette ved Dalheim framleis er bevart i bygningane.

Vidare er villaen på Dalheim bygd som ramme for den store samlinga med kunst og antikvitetar som ekteparet Singer bygde opp over mange år. Store delar av samlinga deira er i dag i SingerLaren, Washington County Museum of Fine Arts og i Kode 1 (tidlegare Vestlandske kunstindustrimuseum), men framleis er det att delar av samlinga deira på Dalheim.

På Dalheim er det i tillegg til dei representative romma også bevart bygningar, arbeidsrom og soverom samt lause gjenstandar, knytt til dei tilsette sitt liv og virke. Dette er element som i mange anlegg har gått tapt, men som her er godt bevart og bidreg til ein meir heilskapleg forståing av korleis anlegget vart drifta og kva arbeids- og butilhøve tilsette ved eit slikt anlegg hadde.

Naturen i Olden var avgjerande for at ekteparet Singer busette seg her og bygde opp anlegget på Dalheim. Her fann William H. Singer jr. motiv for sin kunst og hadde sin arbeidsstad. Bygginga av Studio som var første byggetrinn i anlegget fortel oss mykje om kor viktig Olden var for han og hans arbeid. Studio er eit føremålsbygd atelier og tilpassa William Singer sine behov for arbeidsstad. Internasjonalt vart William Singer jr. kjend for sine måleri med motiv frå det norske landskapet. Spesielt vert hans vintermotiv frå vestlandet trekt fram.

Dalheim er også eit særskilt godt døme på arkitekturen knytt til Arts & Crafts bevegelsen sin tenkemåte slik den kom til uttrykk i Noreg og USA. Anlegget har fleire typisk amerikanske trekk som er kombinert med trekk frå den tradisjonelle norske byggeskikkelen. Spesielt villaen har mykje til felles med den amerikanske prairiearkitekturen og det er interessant å sjå korleis den har blitt kombinert med dei små bygningane i bakkant, drengestova, stabburet og kaféen, som har ein utforming og plassering som er tydeleg inspirert av dei norske klyngetuna.

Hagen var eit viktig element som ramme rundt anlegget og var utforma etter idealata knytt til Arts & Crafts bevegelsen. Hagen var til både rekreasjon og nytte. Det vart dyrka ei stor

mengde planter som saman med produksjonen frå gardsdrifta på Dalheim vart nytta i hushaldet. Framleis er mykje av dei bygde strukturane i hagen bevart og desse er ei god kjelde til kunnskap omkring bruken og utforminga av hageanlegget til eigedomen.

#### *Opplevingsverdi*

Dalheim har vore tilgjengeleg for besøknaide etter at Nordfjord sjukehus fekk den testamentert frå fru Singer og mange har derfor i dag eit tett forhold til Dalheim. Dette saman med anlegget sin høge grad av autentisitet i både heilskap og detaljar gjer at det har ein svært høg opplevingsverdi.

#### *Bruksverdi*

Eigedomen var bygd som bustad til ekteparet Singer og arbeidsstad for William H. Singer jr. sitt arbeid som kunstnar. I tillegg var den ei viktig ramme rundt kunst og antikvitetssamlinga til ekteparet Singer, noko som tydeleg kjem fram i utforminga av den store hallen der delar av samlinga var utstilt. Etter 1962 fekk eigedomen ny bruk som rekreasjonsstad for sjukepleiarar ved Nordfjordsjukehus. Seinare har den i tillegg vore opne for andre som har ynskt å kome hit. Eigar har eit ynskje om at eigedomen framleis skal vere allment tilgjengeleg og det føregår no drøftingar mellom eigar og Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane for å utgreie ei mogleg museal drift av eigedomen. Då det er mange kulturhistorisk interessante mindre gjenstandar i anlegget som ikkje kan inkluderast i eit vedtak om freding vurderer Vestland fylkeskommune at ei museal drift av eigedomen saman med vedtak om freding, til å vere den driftsforma som best kan ta vare på dei kulturhistoriske verdiane i eigedomen. Dette av di ei museal drift av eigedomen vil sikre dei lause gjenstandane som ikkje kan omfattast av freding, men som har ein stor kulturhistorisk verdi og er viktige som kjelder til kunnskap om ekteparet Singer og deira liv på Dalheim/Singerheimen.

#### **Konklusjon**

I Vestland fylkeskommune si vurdering av eigedomen sin kulturhistoriske verdi har vi vektlagt eigedomen sin historiske kjeldeverdi høgare enn verdiane knytt til oppleveling og bruk. Eigedomen Dalheim har bevart ei særslig høg grad av autentisitet i hage, bygningane sitt eksteriør og interiør, samt laust inventar. På bakgrunn av den høge grada av autentisitet er den ei særslig god kjelde til kunnskap om dei ulike sidene ved samfunnet på første halvdel av 1900-talet. Eigedomen er eit godt døme på overklassen sine bygningar i Noreg og internasjonalt på første halvdel av 1900-talet, som fortel mykje om drifta av denne type anlegg og om levekåra til både eigarane og dei tilsette.

Vidare fortel anlegget mykje om korleis dei presenterte den store samlinga av kunst og antikvitetar for gjestane som dei tok i mot på Dalheim og korleis villaen der var forma til å vere ei ramme om dette.

Gjennom heile livet hadde ekteparet Singer eit fokus på å gje noko tilbake til samfunnet. Dette resulterte i at dei etablerte to kunstinstitusjonar, SingerLaren i Nederland og Washington Museum of Fine Arts i USA. I tillegg til at det vart gjeve ei stor gave til Vestlandske Kunstmuseum, dagens Kode 1, av gjenstandar frå samlinga deira på Dalheim. I tillegg bidrog dei til lokalsamfunnet med etableringa av Nordfjord sjukehus og vegen mellom Olden og Innvik.

William H. Singer jr. var ein anerkjend kunstnar som stilte ut sine maleri i både Europa og USA. Studio på Dalheim vart hans viktigaste arbeidsstad, og motiva til maleria sine fann han i Noreg. Naturen i Noreg og arbeidet han gjorde på Dalheim var særslig viktig for han som kunstnar.

Dei mange ulike sidene ved ekteparet Singer sitt liv og virke har påverka samfunnet i både Noreg, Nederland og USA. Dei har bidrige til samfunnsutviklinga i desse tre landa og etablert viktig institusjonar og infrastruktur. Anlegget på Dalheim var heimen deira i mange år og mykje av deira samfunnsbidrag vart etablert i den tida dei budde her.

Vestland fylkeskommune vurderer anlegget på Dalheim til å vere eit unikt kulturminne av nasjonal interesse. Det er etter vår vurdering viktig å sikre at eigedomen sine store kulturhistorisk verdiar vert bevart for ettertida. Ei freding i medhald av Lov om kulturminne § 15, der freding etter § 15 omfattar konstruksjonar i hagen, bygningane sitt eksteriør og

interiør og lause gjenstandar frå tida Anna og William H. Singer jr. budde her vil sikre eit godt vern av dei kulturhistoriske verdiane i eigedomen. Landskapet i Olden som omgjev Dalheim er ei verdifull ramme rundt bygningane og det er viktig at dei nære omgjevnadane til anlegget vert bevart slik det er i dag. På bakgrunn av dette er det føreslått å frede heile eigedomen i medhald av kml. § 19.

Det følger av lov om kulturminner § 15 jf. § 22 at departementet kan frede byggverk og anlegg eller deler av dei av kulturhistorisk eller arkitektonisk verdi. Det følger vidare av § 19 at departementet kan frede et område rundt et freda kulturminne for å beskytte verknaden av kulturminnet i miljøet eller vitskapelige interesser knytt til det. Myndighet til å fatte vedtak om freding er delegert frå Miljøverndepartementet til Riksantikvaren jf. Forskrift om faglig ansvarsfordeling mv etter kulturminneloven av 9. februar 1979 § 12 nr.1.

### **Saksgang fram til fredingsforslaget**

I samsvar med kulturminneloven § 22 nr.1 andre ledd ble varsel om igangsetting av fredingssaka sendt til Stiftelsen William H. Singer Jr's og Anna Brugh Singers minde i brev av 20. mai 2019. Samtidig ble det kunngjort i avisene Fjordingen og Fjordabladet, og på heimesidene til Sogn og Fjordane fylkeskommune at det var sett i gang fredingssak.

Det vart gjeve tre veker frist for å kome med merknadar til varsel om freding.

Til varsel om freding kom det inn 20 merknadar:

1. Brev av 3. juni 2019 frå Statens vegvesen  
I brevet gjev dei melding om at dei har ingen merknadar til vareslet om freding.
2. E-post av 18. juni 2019 frå Marceline Verster  
I eposten trekk ho fram den betydinga Anna og William Singer har hatt både i Noreg og Nederland og støttar planane for freding av eigedomen. Vidare uttrykker ho støtte til planane med å gjere anlegget til eit museum.
3. E-post av 19. juni 2019 frå Nicolette van Duijn  
I e-posten støttar ho planane for freding av Dalheim og arbeidet med at anlegget skal bli eit museum.
4. E-post av 20. juni 2019 frå Henriette van Zwet  
I e-posten støttar ho planane for freding av Dalheim.
5. E-post av 20. juni frå Mary Stuart Brugh Hardy  
Mary Stuart Brugh Hardy er slekting av Anna Singer og sender e-posten for å uttrykke si støtte til planane om freding av eigedomen og at familien synes det er svært viktig at den vert bevart. Ho fortel at Anna og William elskar heimen sin og at dei ville ynskja å dele denne med framtidige generasjoner.
6. E-post av 20. juni 2019 frå Carter Brugh Slaughter  
Carter Brugh Slaughter er slekting av Anna Singer og uttrykkjer si støtte for arbeidet med å bevare Dalheim som eit museum. Ho trekk fram betydinga Dalheim og Olden har hatt for William Singer sitt arbeid.
7. E-post av 21. juni 2019 frå Mason Brugh  
Mason Brugh er i familie med Anna Singer og i sin e-post støttar han planane om å bevare Dalheim som eit museum.
8. E-post av 21. juni 2019 frå F. De Wilde  
F. De Wilde besøkte Dalheim våren 2019 og uttrykker eit ynskje om at Dalheim vert bevart og gjerne brukt som museum slik SingerLaren er det i Nederland.
9. E-post av 21. juni og 23. juni 2019 frå Jet Boetje  
Jet Boetje skriv på ei bok om Anna Singer og i sin uttale støttar ho planane om at eigedomen vert eit museum. I sin uttale trekk ho fram det internasjonale perspektivet på Anna og William Singer sitt liv og Dalheim som ein stad der dei tok i mot andre kunstnarar som var der på besøk og arbeidde. I denne samanhengen peikar ho på perioden frå 1922 til andre verdskrig. Dei besøkande skrev i gjesteboka til Anna og besøka deira på Dalheim er dokumentert i denne.

I e-post av 23. juni sender Jet Boetje eit sitat frå gjesteboka til Anna Singer der ho skriv fyljande om Dalheim den 20. mai 1922:

«Dalheim»

«A right heartley welcome to all who really likes it and to give it real pleasure,  
come earley and stei later.-  
May all find place who enter!  
The house of dreams, of plans, of desires and hopes. May high aspirations be  
fulfilled, and only happiness be found within its walls, -and to all who are true and  
honest, a heartly welcome at all times”

**10. E-post av 23. juni fra Kathryn Anne Langley**

Kathryn Anne Langley besøkte Olden som curisepassasjer og hadde eit ynskje om å besøke Dalheim og å sjå bygningane på innsida. Ho gjev uttrykk for sin skuffelse over at anlegget var stengt og ynskjer at det vert opna for besøkande i framtida.

**11. E-post av 23. juni 2019 fra Anne Marie Huibregtse**

Anne Marie Huibregtse er tidlegare tilsett ved SingerLaren i Nederland. I sin e-post er ho oppatt av at eigedomen ikkje vert seld til ein privat utbyggar, men at den heller må bevarast som eit museum, gjerne i kombinasjon med andre aktivitetar. I sin e-post tek ho opp den betydinga som Anna og William Singer har hatt lokalt og regionalt og er oppteken av at arven etter dei vert tatt vare på.

**12. E-post av 23. juni fra Trevor Burnell**

Trevor Burnell besøkte Olden som curisepassasjer 12. juni 2019 og var innom Dalheim. I sin e-post uttrykker han sin skuffelse over at eigedomen var stengt for besøkande. Vidare peiker han på dei mange cruiseanløpa til Olden. E-posten avsluttast med ei oppmading om at ekteparet Singer sin arb i Norge må bli bevart og open for publikum.

**13. Brev av 23. juni 2019 fra George A. Hatcher Jr.**

George A. Hatcher Jr er i familie med Anna Singer og støttar planane med å gjere Dalheim til eit museum. Han kjem vidare med opplysingar om ekteparet Singer og deira kontakt med familien i USA og det er lagt ved ein artikkel frå Literary Digest mai 1928 om William Singer jr. sitt arbeid og Norge. I tillegg sendte han kopi av tre foto frå Dalheim i 1960 som han hadde mottatt av Anna Singer

**14. E-post av 24. juni 2019 fra Anne Spencer Brugh Cross**

Anne Spencer Brugh Cross er i familie med Anna Singer, og i sin e-post støttar ho arbeide med å bevare Dalheim.

**E-post av 24. juni 2019 fra Lynn K Brugh IV**

Lynn K. Brugh IV er i familie med Anna Singer og støttar planane om at Dalheim vert eit museum. Vidare trekker han fram betydinga Norge og Dalheim hadde for ekteparet Singer og Norge sin betydning for arbeidet til William Singer.

**15. E-post av 24. juni 2019 frå Liv Stokkenes Jacobsen**

Liv Stokkenes Jacobsen er tidlegare tillitsvald i Norsk Sjukepleiarforbund, og er positiv til arbeidet med å frede Dalheim. Som fylkesleiar i Norsk Sjukepleiarforbund brukte ho Dalheim til møter og tillitsvaldopplæring i mange år. Ho peikar på at Dalheim rommar ei unik historie som må vernast om og eit ynskje om at utstyr og møblar som ikkje er i bygningen lenger kan få kome attende.

**16. To e-postar av 24. juni 2019 frå Jet Boetje der ho vidareformidlar kunsthendlaren Joe Szymanski sin merknad om Dalheim.**

Szymanski er glad for at det er starta opp arbeid med å frede Dalheim. Vidare trekk han fram betydinga som ekteparet Singer har hatt for Norge og William Singer si betydning som kunstnar.

I den andre e-posten trekk han fram historia frå andre verdskrig då innbyggjarane i Olden beskytta ekteparet Singer frå å bli arrestert av tyskarane.

**17. Brev av 28. juni 2019 frå Washington County Museum of Fine Arts**

Washington County Museum of Fine Arts støttar arbeidet med å bevare Dalheim for framtidige generasjonar. Dei trekkjer fram den internasjonale betydinga som ekteparet Singer hadde gjennom sitt liv. Ved opninga av Washington County Museum of Fine Arts i 1931 var det eit ynskje frå fru Singer at museet skulle vere opent til publikum for å styrke den utdanning og kulturellevekst i lokalsamfunnet. Byen Hagerstown, Washington County og private sponsorar har vidare bidratt til vekst til dette museet og det har i dag ein stor samling med kunstverk og ulike program knytt til mellom anna kunstformidling, konserter og førelesingar. Museet nemner og opprettinga av SingerLaren i Nederland og gava til Vestlandske kunstindustrimuseum som dører på ekteparet Singer sitt filantropiske virke. Med museum knytt til ekteparet Singer i Nederland og USA meiner dei at det passar godt at heimen deira i Norge også vert eit museum.

**18. E-post av 29. juni 2019 frå Simone van der Hoeven**

Simone van der Hoeven uttrykker si støtte til bevaring av Dalheim.

#### 19.E-post av 26. juli 2019 frå Marianne Sunde

Marianne Sunde har vore svært engasjert i bevaringa av Dalheim og positiv til at eigedomen vert freda. Ho har mellom anna skrive ein artikkel i Dag og Tid om ekteparet Singer og Dalheim som er vedlagt e-posten. Ho gjev ei kort oppsummering av ekteparet Singer sitt liv på Dalheim og er oppteken av framtida til eigedomen og at ein må tenke nytt i forhold til å få ei drift som tek godt omsyn til dei kulturhistoriske verdiane i anlegget. Vidare peikar ho på det internasjonale perspektivet i historia om ekteparet Singer og opprettinga av musea i Laren og Hagerstown.

#### Sogn og Fjordane fylkeskommune sine kommentarar til merknadane om varsel om oppstart av freding.

Felles for merknadane til varsel om oppstart av freding av Dalheim er at dei er positive til freding. Mange av dei er opptekne av at anlegget skal bli eit museum og at historia om ekteparet Singer vert vidareformidla. Mange av innspela trekkjer fram den internasjonale konteksten som eit viktig moment i historia om ekteparet Singer, dette er og tatt med i føremålet med fredinga. Fleire av innspela gjev opplysingar om ekteparet Singer og der dette er relevant for føremålet med forslag om freding er det er tatt med i dokumentasjonen av anlegget. George A. Hatcher Jr. sende med fleire foto som har blitt tatt med i dokumentasjonen av anlegget.

#### Folkemøte i Olden 15. oktober 2019

Det har vore eit stort lokalt engasjement til vidare drift og forslag om freding av Dalheim/Singerheimen. På bakgrunn av dette arrangerte Sogn og Fjordane fylkeskommune eit ope folkemøte på Helsetunet i Olden den 15. oktober 2019. Føremålet med møtet var å informere innbyggjarane i Olden om arbeidet med fredingssaka, og eigar sine planar knytt til vidare drift og deira dialog med Musea i Sogn og Fjordane (MISF) om ei mogleg overtaking av drifta av eigedomen. I tillegg ynskte fylkeskommunen å få innspel frå innbyggjarane i Olden på kva dei tenkte rundt ei freding av Dalheim.

Det vart halde innlegg frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, Styret i Stiftelsen William H. Singer Jr's og Anne Brugh Singers minde og Musea i Sogn og Fjordane. Etter innlegga var det ope for at innbyggjarane i Olden kunne stille spørsmål og kome med innspel. Det var omlag 50 personar som møtte opp, og det var eit stort engasjement med mange spørsmål og innspel. Innspela famna om følgjande tema:

- Betydinga av Dalheim/Singerheimen for bygdefolket
  - Dalheim er viktig for identiteten til innbyggjarane i Olden.
  - Mange har eit nært forhold til eigedomen, historia om ekteparet Singer og deira betydning for lokalsamfunnet.
  - Dalheim viser ei kopling mellom den amerikanske overklassen og lokalsamfunnet i Olden.
- Bruken av eigedomen
  - Det var eit stort engasjement for at eigedomen skulle vere i bruk og fleire var opptatt av at det måtte bli eit levande museum som kunne vere viktig for dei komande slekter i Olden.
  - Viktig at eigedomen er open for besökande og at det vert eit levande museum.
  - Moglegheita til å kunne leige selskapslokale på Dalheim også i framtida var viktig for nokon.
  - Potensialet for å benytte Dalheim i samband med reiselivet i Olden er stort. Det er mellom anna mange cruiseturistar her om sommaren og Dalheim vil vere attraktiv for dei å besøke.
  - Forslag om å kombinere Dalheim/Singerheimen med andre samlingar/bygdemuseum.
  - Mange ynskte at ein kombinerte kommersiell drift av eigedomen med museum, men ein må prioritere bevaring.
- Positive til ei freding av eigedomen
  - Mange peika på behovet for at eigedomen vert bevart og tatt vare på for framtida og såg på ei freding som eit godt middel til å nå dette målet.
  - Fleire uttrykte forståing for at ein i framtida ikkje kan bruke eigedomen slik den har vert brukt til no, som selskapslokale og til overnatting. Gjenstandane er skjøre og det er no behov for å ta vare på dei framfor å bruke dei.

### **Vestland fylkeskommune sine kommentarar til innspela på møtet:**

Deltakarane på møtet viste eit stort engasjement for Dalheim/Singerheimen og ynskje om at anlegget skal takast vare på for framtida. Mange var positive til at det no er starta opp ei fredingssak. At anlegget vert ope for publikum var eit viktig og mange uttrykte eit ynskje om at anlegget vart « eit levande museum», nokon var opptatt av at ein også i framtida skulle kunne ha moglegheit til å leige selskapslokale på Dalheim/Singerheimen, men samstundes vart det uttrykk forståing for at ein ikkje kunne fortsetje med den bruken som er der i dag.

Kva bruk anlegget skal ha i framtida vil vere opp til eigar, og dei er i dialog med Musea i Sogn og Fjordane (MISF) om drifta av anlegget. Ein god balansegang mellom bruk og bevaring er viktig. Fylkeskommunen ser at det er behov for å tenkje alternativt til den drifta som har vore i Dalheim fram til no dersom det skal vere moglegheit for å leige selskapslokale på Dalheim samstundes som at anlegget skal ha ei museal drift. Dette av di dagens bruk fører til at gjenstandane i bygningane vert forringa og kan gå tapt, noko som og fører til tap av dei kulturhistoriske verdiane i anlegget.

I framlegg til freding har Vestland fylkeskommune lagt vekt på at ein i forslag til føresegner for fredinga gjer det mogleg å bruke anlegget på ulike måtar. Samstundes som at det vert tatt omsyn til bevaring av dei kulturhistoriske verdiane i anlegget.

### **E-post av 13. november 2019 frå Hans-Petter Galtung til fylkesdirektør Jan Heggheim**

Hans-Petter Galtung var son av den siste gartnaren som arbeidde på Dalheim (frå 1947-1965). Han var som barn med far sin på Dalheim fram til 1965 og har mykje kunnskap om korleis hagen, grønsakhagen og gartneriet var frå 1947 og fram til 1965, i tillegg til private bilete frå Dalheim. Dette kan vere nyttig i samband med dokumentasjonsarbeidet som no vert gjennomført for hagen.

Galtung har ein del tankar om framtida for Dalheim/Singeheimen som han vidareformidlar i e-posten. Det gjeld følgjande moment:

- Han er overtydd om at freding er den beste løysinga for å bevare eigedomen i noverande form.
- Freding fører til mange restriksjonar, men dette må ein leve med. Vidare er det for han viktig at det framleis kan arrangerast ulike selskap på eigedomen.
- Eigedomen kan nyttast som museum for Singer sin kunst og andre kunstnarar med tilknyting til Singer.
- Stiller spørsmål om å tilbakeføre kunstskattane til Singer til bygda framfor for at dei er i Bergen.
- Dokumentasjon over kva Singer ytte til lokalsamfunnet i Olden, Tydal og Nordfjord.
- Bruke delar av eigedomen som eit gardsmuseum.
- Formidling av histoira om den rike amerikanske arvingen som slår seg ned i Olden då han her fann flott natur, gode motiv og ei god lakseelv. Formidle det lokale, nasjonale og internasjonale perspektivet knytt til Singer.
- Nyte Singerheimen som turistattraksjon.

### **Vestland fylkeskommune sine kommentarar til e-posten frå Hans-Petter Galtung**

Vestland fylkeskommune finn det svært positivt at Galtung kan bidra med meir kunnskap om hageanlegget på Dalheim/Singerheimen. Fylkeskommunen har vidareformidla hans innspel til Britt Angell Johnson i Norconsult som arbeider med dokumentasjon av hageanlegget på oppdrag av styret i Stiftelsen William H. Singer Jr's og Anna Brugh Singers minde.

Når det gjeld bruk av eigedomen er dette noko som eigar må ta stilling til. Mange av ideane som vert presentert av Galtung er samanfallande med innspela på folkemøtet 15. oktober 2019 og vi syner difor til våre kommentarar til folkemøtet.

### **Høyring av forslag om freding**

I medhald av lov om kulturminner § 22.2 sendte Sogn og Fjordane fylkeskommune ut forslag om freding ut til dei berørte partane den 19. desember 2019 samt at det vart kunngjort i Norsk lysingsblad, Fjordingen og Fjordabladet at forslag om freding var lagt ut til offentleg ettersyn i Stryn kommune og i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Det vart gjeve ein frist på 8 veker frå kunngjeringsdatoen til å komme med uttale. Vestland fylkeskommune fekk inn tre merknadar til høyring av forslag om freding.

### **Innkommne merknadar til forslag om freding**

1. Styret i Stiftelsen William H. Singer Jr's og Anna Brugh Singers minde, 7. februar 2020
2. Musea i Sogn og Fjordane, 17. februar 2020
3. Kontaktgruppa for Singerheimen, 19. februar 2020

#### 1. Styret i Stiftelsen William H. Singer Jr's og Anna Brugh Singers minde

Styret er positive til framlegg om freding av Dalheim/Singerheimen og dei viser til eit godt samarbeid med fylkeskommunen i samband med arbeid med fredingssaka. I sin uttale syner dei til sine dialogar med musea i Sogn og Fjordane og styret sitt ynskje om at musea overtek driftsansvaret for eigedomen, og ber om at det vert tatt omsyn til eventuelle innspel frå musea vedrørande tilrettelegging til museumsdrift. Vidare håpar dei at eit fredingsvedtak til bidra til betre formidling, oversikt og bevaring av dei kulturhistoriske verdiane i eigedomen, og dei håpar at det kan bidra til at nokon av gjenstandane som i dag er ved KODE1 kan lånast tilbake til eigedomen.

#### 2. Musea i Sogn og Fjordane (MISF)

MISF stiller seg bak vurderinga av dei kulturhistoriske verdiane i anlegget slik det er skildra i fredningsforslaget. Musea i Sogn og Fjordane viser til drøftingane som pågår mellom musea og stiftinga om drift av anlegget og meinar at desse ikkje må tilleggast vekt i vurdering av fredinga då utfallet av desse drøftingane ikkje er avklart. Dei peikar også på at det er identifisert fleire forhold der lokalbefolkinga sine ønsker for bruk av eigedomen står i motsetning til museet sine faglege vurderingar av korleis eigedomen og lause gjenstandar bør forvaltast på ein forsvarleg måte. Vidare saknar dei ei meir konkret grunngjeving for kvifor fylkeskommunen vurderer at freding saman med museal drift er den driftsforma som best kan ta vare på dei kulturhistoriske verdiane på Dalheim. Og at det i særleg vurderinga av bruksverdi og opplevingsverdi dei meinar at det vert lagt opp til ei vedvarande interessemotsetning mellom eigar og museet.

MISF tek óg opp problemstillinga med at moglegheita til å søkje fylkeskommunen om tilskot til vedlikehald og istandsetjing er retta mot private eigarar av freda bygningar og anlegg og såleis ikkje gjeld for musea.

#### 3 Kontaktgruppa for Singerheimen

Kontaktgruppa for Singerheimen ser i utgangspunktet positivt på prinsippet om freding av eigedomen og bygningane, og har forventningar om at dette kan gje grunnlag for eit sterkare engasjement frå offentlege organ med tanke på vern, bruk og utvikling av Dalheim/Singerheimen. Dei har og forventningar om at fredingsprosessen og eit mogleg formalisert samarbeid mellom Dalheim/Singerheimen og Musea i Sogn og Fjordane vil kunne føre til auka aktivitet og utvida bruk av Dalheim/Singerheimen.

Kontaktgruppa er oppteken av at eit fredingsvedtak i seg sjølv ikkje må vere til hinder for teneleg bruk av anlegget og for ei drift som kan gje inntekter til eigedomen. I denne samanhengen er dei spesielt opptekne av toalettilbod, serviceskranke med sal av suvenirar, kaffi og liknande, utstillingslokale og parkering. I tillegg er dei opptekne av at det må vere mogleg å ha eit tilbod om utelege av selskapslokale i anlegget. Dei meiner at det vil vekse fram eit behov for å etablere eit servicebygg som kan ivareta desse funksjonane. I samband med omtale av servicebygg syner dei til løysinga med servicebygg ved Borgund stavkyrkje i Lærdal.

Dei oppmodar difor om at det vert gjort ei ny vurdering av fredingsføresegnene punkt 2. om at det ikkje er lov å bygge om bygningane sitt eksteriør eller interiør. Då dei meiner at dette er for unyansert og dei meiner at det etter særskild vurdering og med utføring i tråd med kvalitetane/atmosfæren som er i bygningane må det vere mogleg å gjennomføre mindre innvendige bygningsmessige tilpassingar.

Vidare ynskjer Kontaktgruppa ei endring i fredingsføresegnene pkt. 8 om områdefreding der dei meiner at formuleringa er for lite nyansert. I denne samanhengen peikar dei på at det vil bli behov for eit servicebygg i anlegget.

#### **Vestland fylkeskommune sine kommentarar til dei innkomne merknadane**

- 1 Kommentar til styret i Stiftelsen William H. Singer Jr's og Anna Brugh Singers minde sine merknadar

Vestland fylkeskommune har hatt eit godt samarbeid og dialog med styret i Stiftelsen William H. Singer Jr's og Anna Brugh Singers minde i samband med fredingssaka. Fylkeskommunen ynskjer å vidareføre det gode samarbeidet med styret i stiftinga også etter eit vedtak om freding. På bakgrunn av at styret ber om at musea sine innspel til forslag om freding vert tatt omsyn til, vil fylkeskommunen i det vidare arbeidet med fredingssaka legge vekt på merknadane frå MISF.

## 2 Kommentarar til MISF sine merknadar

Vestland fylkeskommune finn det positivt at MISF er einige med vår vurdering av dei kulturhistoriske verdiane i anlegget på Dalheim/Singerheimen. MISF meinar at det er ei interesseomsetning mellom musealbruk av anlegget og lokalbefolkinga sine ynskjer om bruk av anlegget. Bakgrunnen for at ein i framlegg om freding har tatt med vurderingar knytt til både museal bruk og anna bruk av anlegget er at den framtidige bruken av det ikkje er avklart og vi har difor vore nøydd til å ta med i vurderinga den eksisterande bruken av eigedomen. Når det gjeld vurdering av kunnskapsverdiar, opplevingsverdiar og bruksverdiar, er det kunnskapsverdiane som frå fylkeskommunen si side er tillagt mest vekt, medan opplevingsverdiane og bruksverdiane i anlegget er sett på som tilleggsverdiar. Bevaring av anlegget sin verdi som kjelde til kunnskap om ekteparet Singer og Dalheim er avgjerande for føremålet med fredinga. Vi ser at det kan vere at dette momentet ikkje kjem tydeleg nok fram i forslag om freding. Etter at forslag om freding har vore handsama i kommunestyret i Stryn kommune, vil fylkeskommunen vil gå i gjennom forslaget på nytt og vi vil då vurdere å gjere endringar i vurderingane slik at det vert tydelegare at det er kunnskapsverdiane i anlegget som er tillagt mest vekt.

MISF etterspør også grunngjeving av kvifor fylkeskommunen vurderer det som at ei freding saman med musealdrift av eigedomen er den beste løysinga for å ta vare på dei kulturhistoriske verdiane. Då det ikkje er avklart kva drift eigedomen skal ha i framtida må forslag om freding ta høgde for ulike formar for drift. Vi vil her presisere at ei freding av Dalheim vil kun omfatte hagen, bygningane og enkelte møblar jf. framlegg om freding. Mindre gjenstandar og kunstverk kan ikkje omfattast av fredinga då det vil bli vurdert som eit urimeleg inngrep i eigar sin råderett over ein privat eigedom. Samstundes så representerer dei mindre gjenstandane og kunstverka ein stor kulturhistorisk verdi i anlegget som det er viktig å bevare. På bakgrunn av dette er det vår vurdering at ei museal drift av eigedomen som vil vere best eigna til å ta vare på dei gjenstandane som ikkje kan omfattast av vedtak om freding. Ein kombinasjon mellom freding av hage, bygningar og større gjenstandar, og musealdrift som tek vare på dei mindre gjenstandane vil såleis etter vår vurdering gje eit godt vern av dei kulturhistoriske verdiane i anlegget.

MISF tek opp spørsmålet om musea si moglegheit til å søkje om økonomisk støtte frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71 tilskot til freda kulturmiljø i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap. Vil vi presisere at musea har moglegheit til å søkje Vestland fylkeskommune om tilskot frå denne ordninga til freda bygningar og anlegg i deira eige som står på opphavleg plass.

## 3 Kommentarar til Kontaktgruppa for Singerheimen sine merknadar

Vestland fylkeskommune er einige med Kontaktgruppa for Singerheimen at det er ynskjeleg med auka aktivitet og bruk av anlegget. Vi gjer merksam på at føremålet med eit fredingsvedtak er å ta vare på dei kulturhistoriske verdiane i anlegget i eit langt perspektiv og i den samanhengen er det viktig å finne ein god balanse mellom tilpassing av bygningane til bruk og vern av dei kulturhistoriske verdiane. Eit fredingsvedtak omfattar kun dei fysiske kulturminna og det er ikkje lagt nokon føringar i forslag om freding som er knytt til bruk av anlegget. Kva bruk anlegget skal ha vil vere opp til eigar å bestemme.

Eigedommen er i dag regulert til bevaring i medhald av plan og bygningslova. Forslag om freding slik det ligg føre vil vere ei utviding av det eksisterande vernet ved at det føreslegne vernet omfattar interiør, lause gjenstandar og at det ikkje er presisert at det kan byggast noko nye bygningar. Kontaktgruppa foreslår at punkt 2 i fredingsføresegnene bør nyanserast for å ivareta behovet for mindre endringar knytt til bruk. Fylkeskommunen har i sitt forslag om freding av villaen presisert nokon rom som ikkje skal omfattast av fredinga. Dette vil gje eigar ein viss fleksibilitet knytta til bruken av huset. Mindre endringar kan handsamast som

dispensasjon frå vedtak om freding, dette gjer det mogleg å gjere vurderingar knytt opp til kvart enkelt tiltak når dei vert aktuelle.

Kontaktgruppa tek opp behovet for eit nytt servicebygg som argument for å endre på forslag til fredingsføresegne punkt 8. Fylkeskommunen har vurdert spørsmålet om oppføring av nybygg på eigedomen tidlegare i samband med vår tilbakemelding til eigar på deira moglegheitsstudie for bruk av anlegget. Bygging av eit nytt bygg vil vere eit framandelement i tunet og vi ser det som uheldig for bevaringa av dei kulturhistoriske verdiane. Dersom det er behov for bygningar med nye fasilitetar knytt til drift har fylkeskommunen tidlegare peika på at ein ved å bygge opp att eksteriørkopiar av til dømes drivhusa og ishuset vil ein kunne få til nye funksjonar i anlegget utan at dei kulturhistoriske verdiane vert forringa.

Kontaktgruppa viser til bygging av servicesenter til Borgund stavkyrkje som eit døme på eit moderne servicebygg reist nær eit verdifullt kulturminne. Servicebygget til Borgund stavkyrkje står omlag 120 meter frå stavkyrkja og har såleis ein høveleg avstand frå sjølve objektet. Eit nytt servicebygg med ein tilsvarende avstand til bygningane på Dalheim kan vere ei god løysing og vil vere uproblematisk sett i forhold til fredinga, då det vil kome utanfor området som er føreslått freda.

#### **Handsaming i Stryn kommunestyre**

Etter at høyningsfristen var ute samanfatta Vestland fylkeskommune dei innkomne merknadane til forslag om freding og kommenterte desse. Forslag om freding med alle innkomne merknadane og fylkeskommunen sine kommentarar merknadane, vart 13. mars 2020 sendt over til Stryn kommune for handsaming i kommunestyret. I møte av 14. mai 2020 gjorde Stryn kommunestyre følgjande vedtak:

#### **Dalheim/Singerheimen - Vedtak i Stryn kommunestyre**

Kommunestyret-061/20, har i møte 14.05.2020 fatta følgjande vedtak:

Kommunedirektøren tilrår å støtte fylkeskommunen sitt framlegg til freding av Dalheim/Singerheimen, gb.nr. 86/27, i medhald av Lov om kulturminne §§ 15 og 19.

#### **Vidare behandling av fredingsforslaget**

Etter at Stryn kommunestyre hadde gjort vedtak om forslag om freding av Dalheim/Singerheimen utarbeidde Vestland det endelege forslaget om freding. I denne samanhengen vart det lagt inn informasjon om folkemøtet i Olden som vart halde den 15. oktober 2019 og som ved ein inkurie ikkje hadde blitt omtala i forslag om freding som var lagt ut til høyring.

Forslaget om freding vart handsama politisk i hovudutval for kultur, idrett og inkludering i møte 04.06.2020 . Det vart gjort følgjande vedtak: